

SOGNDAL

kyrkjelydsblad



Nr. 4 | desember 2024 | 52. årgang



God jul!



Utgjeve av Sogndal kyrkjelege fellesråd

Redaktør: Hallgeir Øgaard Westli

Besøksadresse:
Stedjetunet, 2. etasje
Kyrkjevegen 6
6856 Sogndal

Bladpengar, gjerne kr. 400, kan betalaust til Sogndal kyrkjelydsblad sin konto 3705.19.42087 eller til Vippsnr 594582. Merk: «Bladpengar»

Postadresse:
Sogndal kyrkjelydsblad,
Postboks 180, 6851 Sogndal

Telefon kyrkjekontoret:
57 67 99 85
e-post: post.sogndal@kyrkja.no

Heimeside:
www.sogndal.kyrkjja.no

Grafisk:
printfarm.no

Kyrkjelydsbladet blir sendt til
heimane i alle sokn i Sogndal kommune.
Det er også mogleg å tinga
bladet for dei som bur utanfor sokna
bladet vert distribuert til.

Neste nummer av kyrkjelydsbladet
kjem ut i midten av mars. Stoff kan
sendast til post.sogndal@kyrkja.no
innan 7. februar.

Foto på framsida:
Stort bilet: Konfirmantlaurdag i Stedje
kyrkje. Foto: Birte Husum

Lite bilet venstre: Friluftsgudsteneste
i Jordal, Fjærland. Foto: Marit F.
Henningsen

Lite bilet høgre: Illustrasjonsbilete.
Foto: Bo Mathisen/Den norske kirke

Takk til Inge Rolf Torstad for lang og trufast teneste

På styremøte i Stiftinga Stedjetunet 2. september, vart Inge Rolf Torstad takka for særslang og trufast teneste som styrerepresentant i Stedje barnehage. Barnehagestyret hadde takka han av tidlegare, så no var det styreleiar i Stiftinga Stedjetunet, som eig barnehagen, som hadde ordet.

Ove Bukholm sa mellom anna: «Det er nok ikkje så ofte ein får høve til å takke ein så trufast frivillig som eg skal gjere her i kveld. Du kom inn i styret for barnehagen alt i 2008. Stedje barnehage har alltid ønskt å ha eit godt samarbeid med kommunen og eigar av barnehagen visste at med di erfaring som kommunepolitikar, ville barnehagen få ein svært kompetent styrerepresentant. At du har vore villig til å bidra og gjere ein så stor innsats til beste for barnehagen i alle desse åra, har sikra kontinuitet og forutsigbarheit. Barnehagestyret vårt treng personar som er villige til å sitje i styret over tid, slik du har gjort. Me er svært takksame for det gode og viktige arbeidet du har utført i alle desse åra.»

Inge Rolf tok imot blomehelsinga og avslutta med følgjande refleksjon og helsing:
«Eg vil takka for mange fine år som styremedlem og økonomisk ansvarleg i styret for Stedje barnehage. Eg kom inn i styret i 2008. Med min bakgrunn som tidlegare politikar, meinte eigar av barnehagen, at eg var godt egna til å vere styrerepresentant og eg fekk eit spesielt ansvar for å sjå til at barnehagen fekk dei midlane den skulle ha frå kommunen. Dei første åra vart det ein del møte med kommunen, ilag med dei to



andre private barnehagane, Rones barnehage og studentbarnehagen, før me fekk det tilskotet me skulle ha.

Eg har sjølv sagt vore med alt for lenge og hadde i utgangspunktet takka nei til attval i 2017. Men så kom brannen, Stedjetunet med kvit avdeling brann ned og eg tykte då at det ikkje var rett tid å gje seg på. Då arbeidet med nye Stedjetunet starta, fekk eg vera med i byggenemnda som representant for barnehagen. Det var ei interessant og utfordrande tid. På same tid hadde barnehagen brukbar økonomi, som gjorde at me kunne fornye uteområdet.

Eg er kry over sluttproduktet, nye Stedjetunet og ikkje minst den nye barnehage-avdelinga og det flotte uteområdet. Stedje barnehage er ein barnehage for framtida, med mange dyktige tilsette og god drift. Så no tykkjer eg at eg kan gå ut av styret med godt samvit. Tusen takk til Ove for fine ord og til styret for Stedjetunet for flott blomsterbukett.»

Aud Marie Stundal

Tekst og foto

HAR DU STOFF OG BILETE TIL KYRKJELYDSBLADET?

Sjå våre nettsider, www.sogndal.kyrkjja.no/kyrkjelydsblad for korleis du kan sende stoff til oss. Der ligg kalender med dei neste fire stofffristane.

For 2025 er det planlagt desse utgåvene:

Påske – Frist: 7. februar
Haust – Frist: 22. august

Sommar – Frist: 9. mai
Jul – Frist: 17. oktober

ANDAKT:

Velkommen heim!

Dette året kom Bibelskapet si oppdaterte omsetjing av bibeltekstane ut som Bibel 2024. Det er gjort nokre justeringar og endringar i språket for at det skal vera levande og nært det som er vårt språk i dag. Det vart ikkje gjort like mange oppdateringar som i 2011, mellom anna erorda om at «...ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei» (Lukas 2, 7) dei same som før. Kva husrom er det snakk om at det manglar når Gud kjem til jorda?

For mange går vegen fram mot julekvelden innom kyrkja på julafesta. For endå mange fleire høyrer høgtlesing av juleevangeliet med på eit fast tidspunkt som ein av kveldens tradisjonar. Om du ikkje har kjøpt eller fått den nye bibelutgåva, så finn du all bibelteksten på www.bibel.no, også juleevangeliet slik vi finn det i Evangeliet etter Lukas, kapittel 2. I kyrkjene kjem vi til å bruka den nye omsetjinga. I det sjuande verset får vi høyra om at det ikkje var husrom for den vesle familien. Men var det ikkje snakk om eit herberge, der dei ikkje kunne vere? Kor er herberget blitt av det? Og kva er forresten eit herberge?

Tidlegare vart det greske ordet «*katalyma*» i Lukas 2,7 omsett med «herberge»: «...for det var

ikkje rom for dei i herberget». Fagfolk syner til nyare forsking som kan tyde på at det ikkje var noko herberge i Betlehem på tida rundt Kristi fødsel. Dette var ein by som ikkje låg ved nokon hovudveg. Andre fagfolk meiner at for Josef og Maria ville det vera mykje meir naturleg å overnatta hjå slektingar i Betlehem. Så ugjestmild kunne byen trass alt ikkje vera!

Hans-Olav Mørk, som var prosjektleiar for arbeidet med denne Bibel 2011, skrev om valet omsetjarane har gjort. Der følgde dei det greske ordet *katalyma* til andre stader det er brukt i Det nye testamentet. Som verb kan ordet tyda «å ta inn hjå» eller «å vera gjest hjå» nokon, slik som når Jesus kjem heim til Sakkeus og er gjesten hans (Lukas 19). Dei såg også på korleis ordet var brukt då det gamle testamentet vart omsette frå hebraisk til gresk nokre år før Jesu fødsel. Der vart det same ordet brukt om «nattely» eller «husrom» for reisande, ein plass der gjester kunne sova.

I juleevangeliet ser vi at ordet «krubbe» vert brukt heile tre gonger. Det understrekar at det ikkje er vanleg at eit nyfødd spedbarn vart lagt i dyra sitt matfat. Då skjønar me som les at grunnen til at Jesus vart lagt i krubba, nettopp var at det ikkje

var plass til den vesle familien der dei reisande vanlegvis sov. Ikkje eingong der var det plass.

Så altfor mange menneske, mange av dei barn, er heimlause og lir på grunn av maktmenneske si tru på vald og drap. Andre kjenner på smerten i utanforskap av mindre voldsomme grunnar. Men jula kjem til oss og minner om at Guds Son tek plass mellom heimlause, blant dei som lengtar etter ein trygg stad å høyre til. Det er ikkje vesentleg kva type hus eller fellesskap det ikkje var plass i, korkje då eller no. Det viktige er at me blir vist eit bilde av ein heimlaus Gud. Ein Gud som er sårbar og som søker fellesskap. Som både sjølv tilbyr fellesskap, og som gjennom si heimløyse utfordrar oss til å tilby fellesskap.

Slik minner Juleevangeliet om at Gud no har fått sin heim mellom oss som på ulike vis er heimlause. Etter dette må ingen vere heimlaus lenger. Og om nokon er det, så er det ikkje etter Guds vilje, men eit kall til oss alle om å ynske andre velkommen inn.

Velkommen heim i kyrkjene til jul!
Framleis god advent!

Kjell Olav Høstaker Nordheim
Prost

BLADPENGAR TIL KYRKJELYDSBLADET

Kyrkjelydsbladet i Sogndal vert utgjeven av Sogndal kyrklelege fellesråd. Bladet vert finansiert dels av annonser og abonnement, men òg av bladpengar og gåver.

Ynskjer du å bidra til at vi kan gje ut kyrkjelydsbladet for Sogndal, kan du gjere dette ved å betale til:
Kontonr 3705.19.42087

Vipps: 594582 (Sogndal kyrklelege fellesråd)

Merk gåva di med: "Kyrkjelydsbladet" Du kan sende valfri sum, men gjerne kr. 400,-
Takk for ditt bidrag!

Nytt frå fellesrådet

Jula nærmar seg fort når du får dette bladet i hendene, og kanskje er du allereie godt i gang med førebuingane i heimen. Jula er ei travel tid i kyrkja. Mykje aktivitet skal gjennomførast i adventstida, og ikkje minst er det mange julegudstenester sjølve juldagane. Me håpar du gjerne vil ta del i noko av det som skjer i kyrkja!

På «bygg og egedoms-fronten» går nokre prosjekt inn for ferdigstilling, medan andre tek lengre tid før dei står klare.

Fjærland kyrkje

I Fjærland kyrkje er ein i gang med å montere nytt brannalarmanlegg. Dette arbeidet er høgst truleg ferdig når dette bladet går i trykken. Saman med lynvernанlegget som vart montert i fjor, håpar me at dette tiltaket skal vere ei god trygging av den ærverdige og fine kyrkja. Det er Caverion som har fått oppdraget, og me har hatt eit godt samarbeid med dei gjennom prosessen.

Tjugum kyrkje

Det vart oppdaga ein roteskade i det nord-austre hjørna på Tjugum kyrkje, i kjellaren under sakristiet. Arbeidet med å reparere skaden og skifte ut rotne materialar er no gjennomført, og det vert også gjort tiltak for å unngå at det oppstår liknande skadar i framtida. Arbeidet vart utført av Lidal Vedlikehold og Service.

Sæle kyrkje

Lidal har også teke på seg å utbetre ein mindre skade på taket på Sæle kyrkje. Eit hjørnebeslag vart teke av vinden i vinter, og vil no bli satt på plass att.

Kaupanger stavkyrkje

Me har i to år prøvt å få tjørebriidd taket på Kaupanger stavkyrkje. Det vart inngått avtale med eit firma i Odda som heiter Meusburger om å utføre arbeidet. Av fleire grunnar har dette diverre ikkje lukkast, men mest på grunn av mykje nedbør i den tida på året der ein kan tjørebriie. Målet var igjen at dette skulle bli gjort i haust, men denne gongen måtte Meusburger trekkje seg frå oppdraget grunna mangel på kapasitet (sjukdom). Me har sidan inngått avtale med Holme Målarservice om å overta oppdraget. Det vil avhenge av været om dette vil la seg gjere i haust.

Byggeprosjektet med nytt gravplassbygg og kyrkestove går sin

gang, og det gamle gravplassbygget er no rive. Ein er også godt i gang med det vidare arbeidet. Det var sett krav om tilsyn av arkeolog i samband med gravinga, og dette vart gjennomført 22. oktober. Då var det 2 arkeologar frå NIKU som overvaka gravinga, samt fleire andre frå andre etatar. Det vart ikkje gjort funn under gravinga, så arbeidet går vidare slik det skal. Vonleg vil alt stå klart innan mai/juni 2025.

Til slutt vil me gjerne ynskje dykk alle ei retteleg god jul og eit godt nytt år!

Jorunn Merete Haukås-Eide

Kyrkjeverje i Sogndal



Grunnmuren til det nye kyrkjegardsbygget på Kaupanger er ferdig. Foto: Jostein Risa

JULESONG I LEIKANGER KYRKJE FREDAG 6. DESEMBER



Dei ni siste åra har Julesong hatt fulle hus på konsertar rundt om i Sogn og fjordane. I år er songarane i Julesong, Einar Bolstad, Kari Malmanger og Gunn Kvaale, tilbake saman med erfarte musikarar som Inge Ronny Kvåle på strengeinstrument, Bjørn Tore Årøy på tangentar, Gjest Kvåle på gitar, John Børge Askeland på bass, og Trond Øyre med lyd- og lysdesign.

Konsertane som garanterer julestemning og gåsehud er sett saman av songar som høver til advents- og førjulstida.

Billettar kostar kr. 340,-.

Vel møtt i Leikanger kyrkje fredag 6. desember kl. 18.00

«VINTERTONAR MOT JUL» I STEDJE KYRKJE

Sogndal songlag inviterer til julekonsert i Stedje kyrkje laurdag 30. november klokka 18. Velkommen til ein stor-slått konsert med songsolistar, strykekvartett og kjende (og kanskje ukjende?) songar som garantert får deg i julestemning.

Medverkande:

Sogndal songlag – Bjørn Gisle Seter, song og dirigent for Sogndal songlag – Akiko Anazawa, piano – Hayato Naka, violin – Chien-Yu Chu, violin – Yumi Shultz, bratsj – Frida Tharaldsen Skaftun, cello

Billettar: Kr. 350,- (student/born under 15 år: kr. 200,-)



STILLE KVELD I STEDJE KYRKJE

Me lever i ei travle tid, det er mange inntrykk og mykje som både skal fordøyast og presterast på ulike område. Då kan det vera godt å komma til kyrkjerommet, få tid til å roa ned og sitja litt å kvila i eit møte med det heilage i kyrkjerommet. Dette er utgangspunktet for «Stille kveld».

Me syng fire salmar, ber tidebøn og er stille i 10 minuttar, der kan du sitja i eigne tankar eller berre vera i stilla, i bøn, eller kanskje kveikja ljós i lysgloben. Du kan også sitja for deg sjølv utan å ta del i salmane eller tidebøna og berre kvila i kyrkja.

«Stille kveld» begynner kl 19.00 og varer i 35-40 minuttar. Datoane for våren er: 8. januar – 12. februar – 12. mars – 9. april – 14. mai

NY KONSERT MED LIV GLASER LAURDAG 25. JANUAR



I oktober skulle det ha vore konsert i Stedje kyrkje med pianisten Liv Glaser. Diverse vart konserten utsett grunna sjukdom, og vi har sidan jobba med å finne nytt tidspunkt for konserten.

Det vert nytt høve til å høre Liv på konsert i Stedje kyrkje 25. januar kl. 18.00.

Saman med Liv, vil det også vere høve til å høre eit knippe unge talent og profesjonelle musikarar frå indre Sogn: Brynjar Åm Fuglestad (klaver) frå Balestrand, Vilde Pontoppidan Kviberg (fløyte) frå Leikanger, Tobias Wilson (fløyte) og Teodor Wilson (trompet) frå Leikanger er alle unge med store talent frå vår region. I tillegg til desse, vil også Helga Farestveit (song), Bjørn Gisle Sæter (song), Akiko Anazawa (klaver), Hans Holgersson (cello) og Hallgeir Øgaard Westli (klaver/orgel) vere aktive i konserten.

Konserten er gratis, men det vert høve til å gje ei gave til nedbetaling av flygelet i Stedje kyrkje. Konserten vert støtta av Sogndal kommune, Tharaso AS, Toyota Sogn AS, Quality Hotel Sogndal og Sogndal kyrkjelege fellesråd. Arrangør er Sogn Kulturfest.

PENSJONISTTREFF PÅ KAUPANGER BEDEHUS

Vel møtt til pensjonisttreff på Kaupanger bedehus den siste måndagen i kvar månad kl. 11.00 til 12.30. Våren 2025 er det planlagt desse datoane: 27. januar – 24. februar – 31. mars – 28. april – 26. mai



Konfirmantar visa bibeldrama for kvarandre

Glimt frå konfirmantopplegget

For ei ære!

For ei ære det er å få fylgje alle vel 100 konfirmantar på vegen deira mot det som antakeleg er ein av dei store merkedagane i livet deira; konfirmasjonsdagen. Gjennom året møter me dei alle sammen samla på konfirmantlaurdagar på Stedje, fordelt på fem eventyrlige turar fram til kyrkjelydshytta i Sogndalsdalen, tillitsfulle individuelle samtalar, lærerike og kjekke undervisningssamlingar, både dei høgtidelege og dei ordinære gode gudstenesene og ikkje minst spennande og artige leirar. Dei møter oss midt i undringa, der me gir rom for både tru og tvil, opne, ærlege, ivrige og artige! Med på

laget har me undrande, hjelpsomme og gode føresette, som bakar, vakar, køyrer og fylgjer. I tillegg har me ikkje minst mange andre fantastiske frivillige som ikkje vil anna enn å bidra til å lage gode møtepunkt for konfirmantar, og brukar si eiga fritid til det! Kunne me vore heldigare? Trur ikkje det. Her ser du nokre bilete frå starten av dette konfirmantåret! Me gler oss til resten av året!

Anita Insteford

Tekst og foto

Birte Husum


Foto



Anita ventar på konfirmantane skaparverkstur



Dramastykke 2 på konfirmantlaurdag



Astrid med openingsord til konfirmantane



Bollar på konfirmantdag



Gjennomgang av dagen skaparverkstur



Konfirmantar på Kyrkjelydshytta



Konflogg på Kyrkjelydshytta



Kyrkjelydshytta i Sogndalsdalen



Skiltet til Kyrkjelydshytta



Utanfor Stedje kyrkje konfirmantlaurdag



Vegard viser fram konflogg

Axel Jørgen har sterke familieband til Leikanger-kyrkja

Leikanger: Axel Jørgen Bugge har for første gong forretta i Leikanger kyrkje, men det var ikkje første gong ein Bugge-prest står i kyrkja. Frå måleriet på den kvitkalka murveggen såg 8. tippoldeforeldra hans, Jens Bugge og Christine Dorthea ned på han.

- Det fylte oss med «andakt». Her har slekta mi levd og delt Guds ord, og nye slekter har kome etter med den same bodskapen om trua på Jesus Kristus om vårt håp og Frelsar, seier Axel Jørgen Bugge om korleis det var å vera inne i kyrkja med så mange familieminne.

Møtte stengd kyrkje

Men det var ikkje første gong han kom til Sogn frå Bø i Telemark der han er sokneprest.

- Kona mi, Kirsten, sonen vår Johannes og eg var på besøk på Ornes og Leikanger juli 2021. Det var flott å sjå Urnes stavkyrkje med så mange minne om at her har familien budd. Diverre var det koronatid og Leikanger kyrkje var stengd. Difor kom me ikkje inn,

men me tykte kyrkja og prestegarden låg vakkert til ved fjorden på den varme sommardagen, fortel Axel Jørgen Bugge.

- Korleis var det å sjå «preste-stenen» med namnet til den åttande oldefaren din?

- Å lesa namna på forfedrane mine, Jens Bugge 1658-84 og Samuel Bugge 1695-1718, som er hogd inn i steinen utafor kyrkja, var kjekt. Me har biletet av både prestane med ektefeller hengande heime i stova saman med andre forfedrar fram til bestefar. Det eine biletet me har, er ein kopi av det store måleriet som heng i Leikanger kyrkje med presten Jens Bugge og kona Christine Dorthea Schieldrup.

- Presten Jens drukna på ein tur frå anneksset i Fresvik og sønnen Samuel tok over prestjobben. Det må har vore ei stor sorg for familien og bygda at presten deira drukna.

Med sorg


I sommar kom Axel Jørgen Bugge og kona hans til Leikanger att. Dei vitja slektingen hans, Jens Samuel Bugge Hatlevold og sambuaren hans, Jorunn Jacobsen Holter, i barndomsheimen til Jorunn på Hamre i Leikanger.

- Dottera til Jorunn, Solbjørg og familien hennar kjenner me. Dei bur på Ulefoss, ikkje så langt frå Bø der eg er prest, så det var fleire grunnar til å vitja Jens og Jorunn. Jens viste oss kyrkja, og det var kjekt å sjå måleriet av prost Jens Bugge og kona på veggen.

Det fylte oss med «andakt» å koma inn i kyrkja. Her har slekta mi levd og delt Guds ord, og nye slekter har kome etter med den same bodskapen om trua på Jesus Kristus som vårt håp og Frelsar. Diverre døydde Jorunn brått og uventa natta etter at me hadde vore der. Då eg forretta i gravferda til Jorunn den 16. august, var me alle fylt av sorg. Eg tenkte meir på at eg var der for å trøysta og gje håp enn at eg var i ei kyrkje med sterke familieband.

På kokkeskule

Axel Jørgen Bugge kjem frå ei presteslekt som har arbeidd i



SLEKT: Axel Jørgen Bugge t.v. saman med slektingen sin, Jens Samuel Bugge Hatlevoll frå Ornes. Biletet er teke utanfor huset på Hamre i Leikanger der Jens bur. (Foto: Privat)

kyrkja i over 500 år, far hans og bestefaren var òg prestar.

- Var det sjølv sagt at du skulle verta prest med så mange prestar i familien?

- Eg byrja faktisk på kokkeskulen i Arendal etter ungdomsskulen, men tok seinare kristendom hovudfag og teologi i Oslo.

Han var heile tida usikker på om han passa som prest, men på slutten av teologistudiet fekk han eit kall og ein «puff» til å verta prest.

- Eg måtte berre stola på Gud og tru at eg var på rett plass i livet. Eg har ikkje angra på det, og er takksam for prestetenesta. Kjekt er det òg at den eldste sonen min går på teologistudiet og vil verta prest.

Lese- og skrivevanskars

- Med så mange prestar i familien, var det sjølv sagt for deg å studera til prest?

Axel Jørgen er yngst av fem sysken. Med ein far som prest vart det ein del flytting, og det var difor ikkje så lett å slå rot.

- Eg sleit ein del på skulen då eg



FORFEDRAR: Måleriet av dei åttande oldeforeldra til Axel Jørgen Bugge, prest Jens Bugge og kona Christine Dorothea, fødd Schjelderup, som var dotter til biskopen i Bjørgvin. Bugge var sokneprest i Leikanger frå 1668 – 1684.

Elias Figenschoug måla presteparet i 1661. (Foto: Sigrid Svartefoss)

har skrive- og lesevanskars, men var flink med fotball og sport. Så eg hadde ikkje så mykje trua på meg sjølv, men eg kom tidleg med i kristent ungdomsarbeid i Arendal, fekk gode vene og utvikla meg. Paulus ord i 2. Korinterbrev

12.9 har vore til trøyst og styrke for meg: «Min nåde er nok for deg, for mi kraft vert fullenda i vanmakt».

Gløymde sykkelen

På fritida likar han å gå turar på Lifjell i Bø, og halda seg i form med å springa og sykla med landevegssykkel.

- Diverre gløymde eg at eg hadde landevegssykkel på biltaket då me køyrde inn i parkeringshuset i Sogndal sommaren 2021. Det gjekk ikkje bra. Sykkelen vart øydelagd. Eg er fast med i ei gruppe som spelar innebandy ein gong i veka. Me har òg hytte på fjellet der eg likar å gå lange skiturar. Å ha tid saman med familie og vene er særskilt viktig for meg, seier Axel Jørgen Bugge.



PRESTASTEINEN: Her står det svart på kvitt at den åttande oldefaren, Jens Bugge var prest i Leikanger. Like under står namnet til sonen hans, Samuel Bugge. Han tok over som prest då faren drukna på ei tenestereise frå Fresvik. (Foto: Sigrid Svartefoss)

Sigrid Svartefoss
Tekst og foto

Buggeprestar i Leikanger

I 59 år hadde prestane i Leikanger sokn Bugge til etternamn.



MELLOMALDERKYRKJE: Leikanger kyrkje er frå om lag 1250, og ligg vakkert til på ei høgd over fjorden. (Foto: Sigrid Svarlefoss)

Jens Bugge (1631-1681) var etterfølgjar til Erik Nordal, og var fjerde generasjon Bugge-prestar på Vestlandet. Han tilhørde ei presteslekt som gjennom Leikanger-embetet kan rekjkast gjennom seks generasjoner og nesten 200 år – frå Etne i Sunnhordland via Nordfjordeid til Leikanger i Sogn og Norddalen på Sunnmøre.

Far til Jens, Niels Bugge var fødd om lag 1545 i Randers i Danmark og døydde i 1613. Han var sokneprest i Etne i mange år og sonen Hans Bugge følgde etter.

Hans Bugge, fødd i 1580, var far til Samuel Bugge (1605-1663), og sokneprest i Eid.

Sonen Jens Bugge vart den

sjuande soknepresten i Leikanger etter reformasjonen. Jens Bugge og kona Christine Dorothea, var fødd Schjelderup og dotter til biskopen i Bergen, fekk fire søner og tre døtre. I tillegg til Samuel som vart prest. Den fjerde vart kalla opp att etter faren, og vart ved giftarmål eigar av Urnesgodset, eit gods som Samuel vart deleigar.

Jens Bugge var berre 27 år då han vart sokneprest i Leikanger. Han drukna på ei tenestereise frå Fresvik den 4. juni 1684.

Sonen Samuel var personellkapellan hjå faren då ulukka hende. Samuel hadde då sikra seg expectancy på kallet. Han hadde mykje truleg hamna som Leikanger-prest. Samuel (1663-1718) var då berre 22 år gamal, og var prest i Leikanger i 33 år. I 1707 vart han prost, i 1716 kunne han setja magister framfor namnet sitt, og han døydde 55 år gamal i 1718.

Kjelde: «Leikanger kyrkje frå mellomalder til i dag» av Terje Eggum

Kirkens SOS givar

- Eg er Kirkens SOS givar fordi eg veit at det redder liv!

- Kirkens SOS givar

Bli Kirkens SOS givar her: kirkens-sos.no/giftbidrag

 KIRKENES SOS

ADVENT OG JUL 2024

GUDSTENESTER

Lysmesser

Stedje kyrkje søndag 1. desember kl. 19.30:

Lysmesse

Ølmheim kyrkje søndag 8. desember kl. 16.00:

Lysmesse

Leikanger kyrkje søndag 8. desember kl. 19.00:

Lysmesse

Skogly, Kaupanger, søndag 8. desember kl. 19.30:

Lysmesse

Julaftan

Ølmheim kyrkje kl. 13.00: Julaftangudsteneste

Sogndal helse- og omsorgssenter kl. 13.30: Andakt

Leikanger kyrkje kl. 14.30 og kl. 16.00:

Julaftangudsteneste

Stedje kyrkje kl. 14.00 og kl. 16.00:

Julaftangudsteneste

Skogly, Kaupanger, kl. 16.00: Julaftangudsteneste

Balestrand helsetun kl. 11.30: Julaftangudsteneste

Sæle kyrkje kl. 14.00: Julaftangudsteneste

Tjugum kyrkje kl. 16.00: Julaftangudsteneste

Juledag

Tjugum kyrkje kl. 12.00: Høgtidsgudsteneste

Stedje kyrkje kl. 12.00: Felles høgtidsgudsteneste for Stedje og Leikanger

Fjærland kyrkje kl. 15.00: Høgtidsgudsteneste

Nyårsaftan

Stedje kyrkje kl. 16.00: Nyttårsgudsteneste

Tjugum kyrkje kl. 16.00: Nyttårsgudsteneste

Nyårsdag

Tjugum kyrkje kl. 12.00: Gudsteneste

KONSERTAR OG ANDRE ARRANGEMENT

Tjugum kyrkje laurdag 30. november kl. 17.00:

Julekonsert med Vik Songlag

Stedje kyrkje laurdag 30. november kl. 18.00:

«Vintertonar mot jul» - konsert med Sogndal Songlag

Leikanger kyrkje fredag 6. desember kl. 18.00:

«Julesong» - konsert med Inge Ronny Kvåle mf.l.

Ølmheim kyrkje torsdag 12. desember kl. 18.00:

Julekonsert med lokale krefter

Fjærland kyrkje søndag 15. desember kl. 15.00:

Julekonsert med lokale krefter

Tjugum kyrkje søndag 15. desember kl. 17.00:

Julekonsert med lokale krefter

Leikanger kyrkje søndag 15. desember kl. 18.00:

Adventskonsert med Leikanger musikklag og Systrond damekor

Stedje kyrkje søndag 15. desember kl. 19.00:

Julekonsert med lokale krefter

Stedje kyrkje tysdag 17. desember kl. 12.00 og

kl. 18.00: Konsert med Trudvang skule

Leikanger kyrkje onsdag 18. desember kl. 18.00:

Julekonsert med lokale krefter

Stedje kyrkje søndag 22. desember kl. 19.30: Vi syng jula inn!

Stedjetunet søndag 5. januar kl. 16.00: Juletrefest for små og store

Vel møtt til ei kyrkje
nær deg i jula!

Trusopplæringstiltak i Balestrand sokn vinter og vår 2025

Babysong/småbarnstreff (0-3 år):

Velkommen til prat, song og føremiddagsmat på Helsestasjonen kl 10-11.30 første

måndag i månaden: 6. januar, 3. februar, 3.

mars, 7. april og 5. mai. Følg gjerne Facebook-gruppa *Balestrand babysong* eller ta kontakt direkte med kyrkjelydspedagogen (466 97 476).



Adventssamling for småbarnsfamiliar (0-5 år) i St. Olafs kyrkje **tysdag 10. desember kl. 17.30**. Julekrubbe, song og gåver til borna.



Misjonstur i vinterferien

Eit lite team på seks deltakarar reiser frå Sogndal/Balestrand fredag 14. februar 2025. Vi skal til Novi Sad i Serbia der vi saman med andre ungdommar vil bidra både i hjelpearbeid, lokal kyrkjebygging og inspirasjon. Opplegget er i regi av Ungdom i Oppdrag.

I Serbia samarbeider vi med ulike lokale aktørar. Ver gjerne med å be for ungdommane og oppdraget. Dersom du ynskjer å bidra økonomisk, er det mogleg å Vippse til #81907 (Fellesrådet - Misjonsprosjekt - Ungdom).

Er du interessert eller har spørsmål, ikkje nøl med å ta kontakt med kyrkjelydspedagog Magni.

Velkommen på Nestenåring (5.-8. klasse) på Bedehuset kl 18-20 fredag 17/1, 28/2, 28/3, 23/5 og 13/6.



Alle som går på ungdomsskulen er hjartelig velkomne på Samtalegruppe annakvar tysdag kl 19.45-21.30 heime hos familien Risa i Fjærstad 42. Vi et saman, pratar om liv og tru, utforskar Bibelen og blir betre kjende med Gud og kvarandre.



Minikonfirmasjon for 5. klassingar våren 2025:

Samlingar i Kyrkjestova rett etter skulen **tysdag 14/1, 28/1, 11/2 og 25/2**. Gudstene med presentasjon og bokutdeling i Tjugum **19/1** og diplom i Tjugum **2/3**. Minikonfirmanthelg på Alværa (Lavik) saman med minikonfirmantar frå andre sokn 25.-27. april. Påmelding til 466 97 476 innan 8. januar.



I tillegg til trusopplæringstiltaka arrangerer frivillige lag og organisasjonar mange gode og kjekke aktivitetar for born og unge med rom for å vekse i trua.

Velkomen på blant anna:

- **Spiren (3-7 år) og Addis (8-13 år)** kl 17.30-19.00 onsdag i oddetalsverker (vår)
- **KRIK (14-20 år)** kl 16.30-18 kvar fredag
- **Kveldsmøte** i møtesalen på Sygna vgs kl 20 kvar torsdag

Har du spørsmål eller innspel til noko av dette, eller du berre ynskjer ein prat, ta kontakt med kyrkjelydspedagog og ungdomsdiakon Magni (466 97 476).

For meir informasjon om ulike trusopplæringstiltak i kyrkjene våre, sjå www.sogndal.kyrkja.no/TOL. Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.

Trusopplæringstiltak i Fjærland, Kaupanger, Leikanger, Norum og Stedje sokn vinter og vår 2025

Babysong for 0-åringar

Kaupanger bedehus og Stedjetunet har babysong annakvar onsdag, medan Leikanger kyrkjelydshus har babysong annakvar torsdag.

Oppstart frå 29.1. (Stedje), 30.1. (Leikanger) og 5.2. (Kaupanger). Dataane vert kunn gjort på heimesida, i Kva skjer-appen og på Facebook-gruppa Babysang i Sogndal.



Småtrolltrall for 1-3-åringar

Me møtest kvar tredje torsdag frå 16.1., på Stedjetunet kl. 17.15 til 18.15 for song, regler, leik, kjeks og frukt. Ta gjerne med familién. Dataane kjem på heimesida og i Kva skjer-appen.



Krølleklubben for 4 – 5 åringer (førskulebarn)

Me møtest for song, forteljing, velsigning og kveldsmat på Stedjetunet kvar tredje torsdag kl. 17.15-18.30, med oppstart 30.1.



For meir informasjon om ulike trusopplæringstiltak i kyrkjene våre, sjå www.sogndal.kyrkja.no/TOL.
Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.

Utdeling til 11-åringane:

Teikneseriebibelen.

- Fjærland kyrkje: søndag 9.2. kl. 11:00
- Kaupanger (ViteMeir?): søndag 9.2. kl. 18:00
- Leikanger kyrkje: søndag 2.2. kl. 17:00
- Ølheim kyrkje: søndag 2.2. kl. 11:00
- Stedje kyrkje: søndag 2.2. kl. 11:00



Illustrasjon, IKO

Tårnagentdag i Ølmheim kyrkje for 8-9-åringar laurdag 29.mars.



Palmesøndag på Kaupanger 13. april.
For heile familien.

Mat på bedehuset, vandring til kyrkja, der me avsluttar med palmesøndaggudsteneste for heile familien.

2. mars i Stedje kyrkje kl.11.00: SPRELL LEVANDE gudsteneste, med særskilt invitasjon til 5-åringane og halve 4-årskullet.

Utdeling av fireårsbok til dei som er fødde januar – juni i 2021. Utdeling av hemmelege pakkar til femåringane.



Påskefest for alle med utdeling av 6-årsbok: søndag 6.april.

- Ølmheim kyrkje: kl. 11:00
- Leikanger kyrkje: kl. 17:00
- Dei andre sokna deler ut seksårsbøker i juni (Fjærland) og august (Stedje, Kaupanger og Leikanger)

Velkommen innom kyrkjekontoret, om du ikkje har fått boka di eller arbeidsheftet i 2024!

Følg med på heimesidene våre for meir info om alt! www.sogndal.kyrkja.no/Born-og-unge



VIL DU SOM VAKSEN BIDRA MED NOKO I TRUSOPPLÆRINGA?

Konkrete ting du kan gjere:

- Bake bollar.
- Vere tilstades som ein trygg voksen person.
- Leie samlingar eller grupper. Til dømes søndagsskule, samtalegruppe for tweens, konfirmantar eller eldre ungdommar.
- Komme med gode idéar på ting me kan gjere for barn og unge i kyrkjelydane våre.
- Bidra praktisk på babysong, småtrolltrall, engleverkstad, tårnagent, lys vaken eller anna.

Det er eit givande og fint arbeid, og me ynskjer at fleire kan få ta del i denne delen av å vere kyrkle i Guds rike.

Gje ein lyd til leiar i trusopplæringa, Birte Husum, om du har lyst til å vere med, eller har spørsmål når det gjeld trusopplæringa i Fjærland, Kaupanger, Norum, Leikanger eller Stedje sokn.

Tlf. 947 98 799 eller e-post:
birte.husum@sogndal.kyrkja.no

Glimt frå Fjærland

21. juli var det friluftsgudstjeneste i Jordal i Fjærland. Mange møtte frem, og fikk en fin guds-tjeneste i fine omgivelser. Prest var Andreas Eikevik Danbolt og Anne Louise Holter Mundal spilte trekkspill under gudstjenesten.

Isabell Restad Skeide fikk 4-års-bok av Birte Husum i Fjærland kirke den 22. september. Etter gudstjenesten var det kirkekaffe.

Birte hadde med seg forskjellige ting som hun og barna ble veldig opptatt med. Veldig koselig og fin atmosfære i kirka.

Marit E. Henningsen
Tekst og foto





Barnas



Fargelegg!

Teikning:
Chiara Bertelli



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



Finn fem feil


Her fortel Gabriel Maria at ho skal bli mammaen til Jesus. Dei to biletene er nesten helt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?



Finn 10 gutenamn

Leit bortover og nedover. Finn du alle?

K	E	Y	J	E	S	U	S	J	N
A	K	S	E	L	T	S	S	O	I
E	S	P	E	N	H	A	T	H	S
R	M	O	R	T	E	N	K	A	A
L	J	Y	M	T	O	D	D	N	K
I	F	V	C	T	D	E	W	N	A
N	K	S	K	K	O	R	K	E	F
G	R	H	U	J	R	Q	A	S	M
O	U	X	J	P	J	W	P	I	E
F	D	Z	T	H	O	R	O	T	A



Kva
høne har
ikkje fjør?
Svar:
Marihøna

Vits



Labyrint

Kan du hjelpe Maria å
finne vegen til Elisabet?

Teikning: Chiara Bertelli



Sondagsskolen - mer enn du tror

Støttespelarane våre:



Printfarm

TRYKK DU BLIR GLAD I.



post@printfarm.no www.printfarm.no



Fossetunet 1 | 6856 Sogndal
Tlf: 57 67 65 40 | skjeldestad@kontorspar.no
www.kontorspar.no



Sogn Synssenter

Eit variert utval i alle prisklassar av innfatningar, brilleglas, kontaktlinser solbriller, kikkertar og luper.

Tlf: 57 67 50 50

Lokale til leige



Stedjetunet har lokale til leige til minnesamvær, dåpsseksjon, konfirmasjon, bryllup og andre tilstelningar.

For informasjon om prisar, sjå www.stedjetunet.no



**ADVOKATFIRMAET
TOLLEFSEN**

Parkveien 5, 6856 SOGN DAL • Tlf. 57 62 88 50 • e-post: post@advokat-tollefSEN



Optiker

Kjell M. Talleraas

6856 Sogndal • tlf. 57 67 11 10 • optikaren.no

**HOLLEKVE SAG
TRE- OG STÅLBYGG**

Telefon 90 11 67 83



OFFENTLEG GODKJENT
REINGJERINGSFIRMA
www.ncomsogn.no



Byggmester

Ingmar Stenehjem

mob. 90 58 10 21 • tlf. 57 67 29 52
www.stenehjembygg.no

AMFI SOGNINGEN



NORDBOHUS SGN
www.nordbohus.no/sogn



HOLEN INSTALLASJON AS

SOGNDAL • GAUPNE • LEIKANGER • VIK

www.holen-installasjon.no • Tlf. 57 67 75 00 • post@holen-installasjon.no



AMFI Mykje å gle seg til. Alltid.

Sogn Kontorsenter as vert:

LINDBAK
SGN OG FJORDANE
Telefon 57 67 66 99



solberg
el-service

Støttespelarane våre:



GRAVSTEIN

Me kan hjelpe med skriftfornying, oppretting og rens av gravsteinar, på alle gravplassar i Indre Sogn.

57 68 14 77 • www.sogngravferdshjelp.no • post@sogngravferdshjelp.no

EILERT & EDVIN HOLME AS



Telefon: 57 67 18 85

Opplæring klasse
A1-A-B-BE-T-M146

Trafikalt grunnkurs

E-post:
post@hofslundsgen-trafikkskule.no

VestlandsHus TRYGGE HJEM

ALT INNAN TØMRAR
OG BETONGARBEID

KONTAKT OSS FOR TILBOD!

VestlandsHus®

VestlandsHus Sogn AS • Tlf 57 67 33 88

KVAMME*REKNESKAP AS

Autorisert rekneskapsførarselskap
FJÆRLAND [57 69 12 03] – SOWNDAL [57 67 22 02]
laura@laurakv.no – 913 63 327



6856 Sogndal Tlf. 57 67 45 21 - mob. 905 00 331

www.fimreite.as

FS Anlegg as

www.fsanlegg.no

THARASO AS

SOGN KJØLESERVICE

57 67 11 11

sognkulde.no

dyreklinikken
i Sogndal AS

Man: 18.00 – 20.00
Tys og ons: 08.00 – 11.00
Tor og fre: 09.00 – 12.00
Tlf: 57 67 55 55 / 976 75 555

En jul å glede seg til



Gi din støtte til familier
som har det vanskelig

Blå Kors

Gi din gave
på **vipps 936679**

KIWI mini pris

KIWI Hermannsverk
08-22 (20)

TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?

KIRKENES
SOS
22 400040

Ætti i glede og sorg



Sjå sogndal.kyrkja.no for påmelding til dåp eller ta kontakt med kyrkjekontoret om moglege datoar for dåp og vigsel. Telefon 57 67 99 85

DØYPTE

FJÆRLAND KYRKJE

24.03.2024 Magnus Høeg Mundal (frå Larvik)

BALESTRAND - TJUGUM KYRKJE

08.09.2024 Johannes Gideonse Lønning (busett i Førde)

BALESTRAND - SÆLE KYRKJE

27.10.2024 Oline Grøneng Flølo (busett i Ålesund)

LEIKANGER KYRKJE

15.09.2024 Steffen Lund Breisnes

13.10.2024 Ane Lie Sandahl

STEDJE KYRKJE

01.09.2024 Amanda Fuhr Lerum (i Dale kyrkje)

08.09.2024 Luka Slinde Ask

15.09.2024 Mina Hopperstad Kvammen

15.09.2024 Josefine Husabø Bjørseth

29.09.2024 Ada Wulfsberg Loftesnes

29.09.2024 Astrid Frøysa

06.10.2024 Sigurd Wiborg Bøthun (busett på Kaupanger)

06.10.2024 Kari Orrestad Kollsete

27.10.2024 Tobias Stadheim Vedvik (busett på Kaupanger)

27.10.2024 Luna Mendes

VIGDE

BALESTRAND - TJUGUM KYRKJE

14.09.2024 Runar Dale og Anna Helena Almelid

STEDJE KYRKJE

12.10.2024 Marianne Lerum Lund og Torbjørn Stølen
(busett på Leikanger)

GRAVLAGDE

BALESTRAND - TJUGUM

26.09.2024 Solveig Johanne Ugulen (Bisetjing) f.1933

15.10.2024 Turid Farnes (Bisetjing) f.1933

FJÆRLAND

06.09.2024 Johannes Reinen f.1949

10.10.2024 Johannes Bøyum f.1947

24.10.2024 Alv Orheim f.1947

KAUPANGER

13.09.2024 Karsten Ertesvåg* f.2001

08.11.2024 Tormod Hjellhaug* f.1939

* Bisetjing i Stedje kyrkje, kista sett ned på Kaupanger kyrkjegard

LEIKANGER

04.10.2024 Ole Erik Grinde f.1973

29.10.2024 Per Henjum f.1953

05.11.2024 Arne Hamre f.1929

05.11.2024 Magna Njøs Røysum f.1933

STEDJE

06.09.2024 Erik Stavø f.1976

13.09.2024 Karsten Ertesvåg* f.2001

13.09.2024 Jorunn Louise Tomasgård f.1926

24.09.2024 Kristine Marta Molland f.1936

08.10.2024 Annstein Skjeldestad f.1944

10.10.2024 Solveig Kari Myhrvold ** f.1929

18.10.2024 Oddmar Bondevik f.1927

22.10.2024 Laila Tordis Hillestad f.1936

08.11.2024 Tormod Hjellhaug* f.1939

* Bisetjing i Stedje kyrkje, kista sett ned på Kaupanger kyrkjegard

** Bisetjing i Landås kyrkje, Bergen, urna setjast ned på Stedje kyrkjegard

Velkommen til gudsteneste

MERK: I samband med bygging av nytt gravplassbygg og kyrkjestove på Kaupanger, vert Kaupanger stavkyrkje stengd fram til våren 2025. Gudstenester som hører til Kaupanger sokn, vil vere i andre lokale i denne perioden.

Med etterhald om endringar. Følg med på nettsidene våre sogndal.kyrkja.no, på sosiale medium (Kyrkja i Sogndal) eller i Sogn avis for meir informasjon om kvar einskild gudsteneste.

DESEMBER

8. DESEMBER

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Ølmheim kyrkje kl. 16.00: Lysmesse
Leikanger kyrkje kl. 19.00: Lysmesse
Skogly, Kaupanger kl. 19.30: Lysmesse

12. DESEMBER

Ølmheim kyrkje kl. 18.00: Julekonsert

15. DESEMBER

Fjærland kyrkje kl. 15.00: Julekonsert
Tjugum kyrkje kl. 17.00: Julekonsert

18. DESEMBER

Leikanger kyrkje kl. 18.00: Julekonsert

22. DESEMBER

Fjordtun oppvekstsenter kl. 11.00: Gudsteneste
Stedje kyrkje kl. 19.30: Vi syng jula inn

24. DESEMBER – JULAFTAN

Balestrand helsetun kl. 11.30: Julaftangudsteneste
Ølmheim kyrkje kl. 13.00: Julaftangudsteneste
Sogndal helse- og omsorgssenter kl 13.30: Julaftangudsteneste
Stedje kyrkje kl. 14.00: Julaftangudsteneste
Stedje kyrkje kl. 16.00: Julaftangudsteneste
Sæle kyrkje kl. 14.00: Julaftangudsteneste
Leikanger kyrkje kl. 14.30: Julaftangudsteneste
Leikanger kyrkje kl. 16.00: Julaftangudsteneste
Tjugum kyrkje kl. 16.00: Julaftangudsteneste
Skogly, Kaupanger kl. 16.00: Julaftangudsteneste

25. DESEMBER – 1. JULEDAG

Stedje kyrkje kl. 12.00: Felles høgtidsgudsteneste for Stedje og Leikanger
Tjugum kyrkje kl. 12.00: Høgtidsgudsteneste
Fjærland kyrkje kl. 15.00: Høgtidsgudsteneste

28. DESEMBER

Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Dåpsgudsteneste

31. DESEMBER – NYÅRSAFTAN

Stedje kyrkje kl. 16.00: Nyttårsgudsteneste

JANUAR

1. JANUAR – NYÅRSDAG
Tjugum kyrkje kl. 12.00: Gudsteneste

SØNDAG 5. JANUAR

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Stedjetunet kl. 16.00: Juletrefest

SØNDAG 12. JANUAR

Kaupanger bedehus kl. 11.00: Gudsteneste

SØNDAG 19. JANUAR

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Leikanger kyrkje kl. 19.00: Salmar & Kaffi

SØNDAG 26. JANUAR

Fjærland kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Kaupanger bedehus kl. 19.30: Gudsteneste

FEBRUAR

SØNDAG 2. FEBRUAR
Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med utdeling av 11-årsbibel
Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med utdeling av 11-årsbibel
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Leikanger kyrkje kl. 17.00: Gudsteneste med utdeling av 11-årsbibel

SØNDAG 9. FEBRUAR

Fjærland kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med utdeling av 11-årsbibel
ViteMeir, Kaupanger kl. 18.00: Gudsteneste med utdeling av 11-årsbibel
Stedje kyrkje kl. 19.30: Gudsteneste



Velkommen til gudsteneste

MERK: I samband med bygging av nytt gravplassbygg og kyrkjestove på Kaupanger, vert Kaupanger stavkyrkje stengd fram til våren 2025. Gudstenester som hører til Kaupanger sokn, vil vere i andre lokale i denne perioden.

Med etterhald om endringar. Følg med på nettsidene våre sogndal.kyrkja.no, på sosiale medium (Kyrkja i Sogndal) eller i Sogn avis for meir informasjon om kvar einskild gudsteneste.

SØNDAG 16. FEBRUAR

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med markering av Diakoniens dag
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

SØNDAG 23. FEBRUAR

Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Husabø gravplass → Leikanger kyrkje kl. 19.00: Fakkeltog-gudsteneste

MARS

SØNDAG 2. MARS
Kaupanger bedehus kl. 11.00: Gudsteneste
Stedje kyrkje kl. 11.00: Sprell Levande-gudsteneste
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Nortun ungdomshus kl. 18.00: Kyrkjelydsfest, Norum sokn

SØNDAG 9. MARS

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

SØNDAG 16. MARS

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Fjærland kyrkje kl. 15.00: Gudsteneste
Leikanger kyrkje kl. 19.00: Salmar & Kaffi
Kaupanger bedehus kl. 19.30: Gudsteneste

SØNDAG 23. MARS

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Stedje kyrkje kl. 19.30: Gudsteneste

SØNDAG 30. MARS

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

APRIL

SØNDAG 6. APRIL
Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Samtalegudsteneste
Leikanger kyrkje kl. 17.00: Påskefest for alle

SØNDAG 13. APRIL – PALMESØNDAG

Fjærland kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Fjordtun oppvekstsenter kl. 11.00: Gudsteneste
Kaupanger stavkyrkje → bedehuset kl. 16.00: Påskevandring

